



Tokke kommune
Plan, næring og kulturetaten

Notat

Vår ref
2015/201-2

Sakshandsamar:
Sverre Bakke, 35075242

Arkivkode:
K46

Dato:
16.02.2015

Til:

Frå:

Sverre Bakke

Høyringsdokument i samband med arbeidet om å endre minstearealet for elg i Tokke frå 2015.

Minstearealet for elg i Tokke har vore uendra sidan 2008, på 2.500 da. Elgstamma i Tokke var på topp i 2000 og ein var samde om at ein skulle taka den sakte ned ved å skyte gjennom stamma og der 40 % kalv og ei forsiktig avskyting av produksjonsdyr var oppskrifta. Denne oppskrifta er fylgd og i ettertid har det vore ei rimeleg bra oppskrift. Vi har dei 5 siste åra hatt same kvote på elg noko som er nokså unikt.

I høve til skadeproblem har det til tider vore av eit vist omfang. Nokon vil seia at dei har vore for store både når det gjeld trafikk, skog og innmark, men det er ikkje gjort over natta å endre på ei elgstamme om ein ikkje skal risikere å ha tom skog for elg ein periode.

Tokke er no nede på eit nivå på stamma, 0,45 sett elg pr. dv., slik som vedteke i målsetningar for elgstamma. Vi hadde ein markert nedgang i stamma i 2014 utan at ein veit nøyaktig kva grunnen til det var. Det var både klimatiske og andre grunnar. Vi gjekk frå 200 felte elg til 146 og ein fellingsprosent frå 83 % til 62 %.

Utfordringa for 2015 er å finne eit minsteareal som gjer at vi ser at sett elg pr. dv går oppover. Då veit vi at vi ikkje skyt på produksjonsdyra og då kan vi justere avskytinga framover ut frå det vi ser at stamma produserer. Det blir som sauebonden om hausten. Han /ho sender lamma og utrangerte sauer og beheld vaksne sauer, påsettlam og værar i tilstrekkeleg antal.

Fellingsresultatet i år tilsvarar om lag 4.200 da bak kvart dyr. Vårt framlegg til minsteareal for 2015 er 4.000 da. Vi kunne valt det høgare, men då vil det føre til

strukturendring i ein del jaktlag og den debatten ynskjer ein ikkje skal forstyrre ein sakeleg drøfting av minstearealet.

Vi ser det slik at det ikkje er noko fare å prøve 4.000 da i 2015. Dersom dette ikkje stoppar nedgangen vil nye endringar kom i 2016 og då vil det truleg vera brei forståing for at ein går vidare på bekostning av strukturendringar i jaktlaga.

Vidare trur vi at jaktlaga vil sjå til hausten, dersom nedgangen i stamma held fram, og då vil ein skyte kalvane og la dei store hodyr og oksar gå.

Vi såg beklagleg vis ein del jaktlag som ikkje hadde ryggrad til å la vera å skyte mange store oksar. Det var for mange oksar på 220 kg som fall.

I 2015 må ein seta av meir tid til å plukke ut dei små dyra.

Vedlagt er ei vurdering av elgstamma gjennom sett elg skjema for 2014.

Høyringsfrist er 9 . mars. Sendast Tokke kommune


Sverre Bakke
landbrukssjef



Elgstamma i Tokke pr. 31.12. 2014.



Tokkekongen

foto : Øyvind Duus

Sjå You Tub: <http://www.youtube.com/watch?v=f8JPY8nmrSw&feature=email>













